

## Tamreinlaga i Sør-Noreg: Ressursutnytting, driftsformer, rettighetsforhold og utfordringar

**Gaute Elvesæter Helland<sup>1</sup> & Jan Stokstad<sup>2</sup>**

<sup>1</sup>Furuheim, N-2686 Lom (gautehe@online.no), <sup>2</sup>N-2680 Vågå.

Sammandrag: Frå midt på 1700-talet har det ved sidan av villreinen vore tamreinflokkar i fjellområda i Sør-Noreg. Det vart kjøpt inn rein frå samiske flokkar, eller det var samar som sjølv kom. Dette gjeld områda Setesdal, Hardangervidda, fleire område i Hardanger og Voss, Hallingdal, Valdres, seinare Nord-Gudbrandsdalen, Norefjell og Rendalen. I 1962 var det 20 000 tamrein i fem fylke fordelt på 14 lag. I 2004 er det att to tamreinlag i Valdres, to i Nord-Gudbrandsdalen og eit lag i Rendalen. Dei fire tamreinlaga i Oppland er organiserte som andelslag eller ansvarlege selskap. I starten var tanken å utnytte dei fjellområda som husdyra ikkje nytta i særleg grad, og det var bønder som starta laga. Seinare har og andre kome til, men regelen er at for å vera medeigar må ein bu i bygda der laget er organisert. Mange av dei som starta med tamrein tenkte at dette var ein måte å utnytte bygdafolk sine rettar i høgfjellet. Dei fire laga er i dag om lag like store og har ein vinterflokk på 11 000 dyr til saman. Dei slaktar omtrent 190 tonn årleg. Lov om reindrift frå 1972 regulerer den samiske reindriften mens tamreindriften utom reinbeiteområda har så langt ikkje hatt eit eige rettsvern. Rettsgrunnlaget har vore avtalar med grunneigar og med fornying kvart tiande år, men dei kan likevel endrast i avtaleperioden. Driftsforma krev langsiktighet, men avtalene gjeld for ei særstutt periode. Tamreinlaga ynskjer å utvide perspektivet. Utfordringane for tamreindriften ligg på to plan: 1) Driftsmåtar innan tamreinlaga og 2) dei ytre rammene som samfunnet set ved lovverk og samfunnsstyring. For driftsmåtane er det to tilhøve som peiker seg ut: Flokkstruktur og tamheitsgrad. God og velordna gjæting vil bli meir og meir ein føresetnad for å hindre konflikter med eit storsamfunn i utvikling, eit samfunn som ikkje skjønar eller har eit forhold til tamreindrift, og for meir allmenn aksept i samfunnet. Når det gjeld dei ytre rammene, er tamreindriften avhengig av å bli høyrtder plan- og bygningslova gjeld. Vidare vil eit rettsvern i ei ny Lov om reindrift og ei ny Fjellov vere vesentleg. Fjellova regulerer i dag tamreindriften i statsalmenningane. Rettsvernet her er basert på avtalar med det lokale fjellstyret godkjende av landbruksdepartementet. I ei ny fjellov bør reindriften sikrast eit sterkare vern i det tamreinhold kan reknast som utnytting av ein gamal og uskriven beiterett. Denne gamle rettstenkinga på bygdene burde kunne få sin plass att i vårt moderne, lovregulerte samfunn.

### Innleiing

Frå midt på 1700-talet og framover har det ved sidan av villreinen vore tamreinflokkar i fjellområda i Sør-Noreg. Det vart kjøpt inn rein heilt frå Finnmark, men mest frå sørsamiske eller svenske flokkar, eller det var samar som sjølv kom. Dette gjeld områda Sætesdal, Hardangervidda, fleire område i Hardanger, Voss, Sogn, indre Sunnfjord, Hallingdal, Valdres, Nord-Gudbrandsdalen, Norefjell og Rendalen. Bønder og andre bygdafolk samarbeidde ofte med dei samane som kom, eller samane vart innleigde som gjætarar.

### Stutt historisk oversyn

Her følgjer nokre få drag av den mangslungne saga om tamreinetablering i dei sørlege fjelltraktene: I 1783 kjøpte Kristoffer Hjeltnes i Ulvik i Hardanger 100 rein frå Rørostraktene. I 1817 fekk Ola Sangesand stonad frå det nystifta Selskabet for Norges Vel til å starte tamreindrift i Bykle i Sætesdal. Det er uvisst kor denne reinen vart innkjøpt. I 1845 var det 2963 tamrein i områda rundt Hardangervidda. Eigarane var lokale bønder. I 1880-åra vart Vang Reinselskap og Øye Reinselskap stifta i Valdres. Øye kjøpte rein på Røros og hadde med seg samane Morten og Isak Kant under drivinga. Vang kjøpte truleg rein i Jämtland, og samnen Torkel Persson var med under drivinga. I 1890 vart Opdal Renkompani stifta i Uvdal i Øvre Numedal. Dei starta med 240 reinsdyr som dei kjøpte av Fletta-Lars. Samnen Nils O. Kant vart innleigd som gjætar. Han hadde og sin eigen rein i flokken. Dei kjøpte og rein av Knut Haukelid fra Vest-Telemark.

Frå om lag 1880 vart det meir slutt på individuelle merke for kvar eigar. Det vart eit merke for kvart lag, noko som gjorde drifta mykje enklare. I 1907 var det sju reinlag rundt Hardangervidda som til saman hadde 11 975 rein. I juni 1949 var det 25 lag i Sør-Noreg med til saman 29 105 rein. I 1962 var

det 14 tamreinlag att. Dei hadde da om lag 20 000 rein. I 2004 er det att to tamreinlag i Valdres, to i Nord-Gudbrandsdalen og eit lag i Rendalen. Fleire lag eksisterar som organisasjonar utan dyr.

Grunnane til den store interessa i fjellbygdene for tamreindrift frå 1700-talet og framover var nok fleire. Villreinen minka i tal på grunn av hard beskatning og ulveplage på 1800-talet og var somme stader nesten borte sist på 1800-talet. Det var dessutan alminnelege oppgangstider i landet, og føregangsmenn på bygdene vart vekta av vindar frå opplysningstida. Ein skulle starte med noko nytt og framtidsretta.

### **Eit eksempel frå Skjåk**

Går vi inn i eit avgrensa område og studerar utviklinga der får vi innsyn i ei samansett og ofte konfliktfylt soge. Utvikling av tamreindriften i Skjåk kommune i Oppland viser dette, og vi skal sjå på nokre hovuddrag.

I 1840-åra var det både samisk og lokal reindrift i grenseområdet mellom Valldalen, Tafjord og Skjåk. I 1848 kjøpte eit privat selskap 70 dyr frå Finnmark. Gjætarar var Per Kvitingen, Skjåk og Endre-Rasmus, Jostedalen. Dei måtte gje opp etter sju år på grunn av store flokkar av ulv. I 1890 kom Torkjell Jonassen frå nord med 300 reinsdyr til Skjåk. Lars Nordfjell slo seg óg ned med eigne reinsdyr (Litteraturen seier ingen ting om opphavet til dei to sistnemnde, men namna kan tyde på at dei var sorsamar). I 1891 kom samefamilien Johannes Partapuoli og kona Ellen Maria til Tafjord med ein liten flokk, og dei slo seg stutt tid etter ned i Skjåk.

Samstundes var villreinen i mange fjellområde i sterk tilbakegang på grunn av jakt og fangst, og i Skjåkfjella vart villreinen freda i perioda 1901-07. Dette førte til vekst i villreinstamma, og det vart ein del samanblanding med tamrein og villrein.

I 1910 kjøpte Andreas Grotli inn rein. Same året kjøpte fire andre skjåkverar rein i Tafjord. Dei kjøpte og flokken til Johannes Partapuoli, og han vart tilsett som gjætar. Den samla flokken var da på om lag 1000 dyr. I 1914 kjøpte så Skjåk kommune denne flokken, og Skjåk kommunale tamreinselskap vart stifta. Dette vart i 1919 avløyst av Skjåk tamreinselskap AS. 1920-åra vart prega av samanblanding av rein, strid om jakt og grenser mellom kommunane Skjåk, Stryn, Synnulven og Nordal. Rundt 1930 var det truleg ikkje att meir villrein.

I 1954 vart dei to flokkane til Sevald Grotli og Skjåk tamreinselskap slegne saman, og saman med interessar i Grytten og Lesja kommunar vart Skjåk, Lesja og Grytten Tamreinslag stifta. Det vart seinare heitande Trio Tamreinlag AS. Tida fram til avviklinga i 1964 vart ei uroleg tid for tamreindriften. Interessene var sterke for å etablere ei ny villreinstamme i området, og problem med å halde flokken samla førte til strid og mange møte. Det vart óg problem med å få konsesjon. Ved avviklinga var det om lag 1250 personar frå dei tre kommunane som hadde andelar i laget.

I 1965 kjøpte Skjåk almenning (bygdealmenning) av avviklingsstyret i Trio Tamreinlag det som måtte vera att av storein i Skjåkfjella, og i 1967 fekk almenninga jaktkvote på 181 rein.

Vidare oppstod det strid mellom Skjåk almenning og Lom Tamreinlag i grenseområdet mellom Lom og Skjåk på Lomseggi om kva som var vill og tam rein, kva som var merkt og umerkt rein, og kva som kunne jaktast på. Dette enda opp i gode avtalar midt på 70-talet, og sidan har det vore fred og godt naboskap mellom tamrein og villrein i desse områda. I 1980-åra var det fleire med eigendoms- eller bruksrett i Skjåk almenning som ville starte på nytt med tamrein. Etter nokre år vart dette arbeidet avslutta. Nå er det villrein i Skjåk, og Lom Tamreinlag nyttar fjella i Lom.

### **Situasjonen for tamreinlaga i dag**

Dei fire tamreinlaga i Oppland fylke er organiserte som andelslag eller som ansvarlege selskap. Talet på eigarar i desse laga er ulikt. I starten var tanken å utnytte dei fjellområda som husdyra ikkje nytta i særleg grad, og det var bønder som starta laga. Seinare har og andre kome til, men regelen er at for å vera medeigar må ein bu i bygda (kommunen) der laget er organisert. Mange av dei som starta med tamrein tenkte at dette var ein måte å utnytte bygdafolk sine rettar i hogfjellet. Dei fire laga er i dag om lag like store og har ein vinterflokk på 11 000 dyr til saman. Dei slaktar omtrent 190 tonn årleg.

Rendalen Renselskap i Hedmark er i dag eit selskap med avgrensa ansvar. Dei har beite både på privat grunn og statsgrunn. Selskapet har dei seinare åra hatt ei særleg driftsform etter avtale med Landbruksdepartementet.

### **Lovverket**

Lov om reindrift frå 1972 (med endring frå 1996) regulerer den samiske reindriften i særskilte reinbeiteområde. Tamreindriften utom desse områda har så langt ikkje hatt eit eige rettsvern.

Rettsgrunnlaget har vore avtalar med grunneigar, anten denne har vore Staten eller privat grunneigar. Vilkåret for å få eller halde ved like ein konsesjon for drift frå Staten er at ein har avtalar på privat grunn eller statsgrunn om nok beite.

Fjellova regulerer utleige til reinbeite i statsallmenningane ved avtalar. Avtalar skal fornyast kvart 10. år og kan endrast i avtaleperioda. Tamreindrifta må såleis sikre rettane sine ved kortsiktige avtalar. Driftsforma krev langsiktighet, avtalene gjev berre 10 års perspektiv. Dette er stutt, og tamreinlaga ynskjer større perspektiv.

I statsallmenningane er det dei kommunevalde fjellstyra som etter Fjellova gjer avtalar med tamreinlaga. Ei avtale gjeld for ti år om gongen og må stadfestast av Landbruksdepartementet. Det har til sine tider vore vanskeleg å få i stand avtalar med fjellstyra som tamreinlaga kan leva med. Laga betalar hamneleige til fjellstyret, basert på areal og storleik på flokken, og inneheld mellom anna fristar for bruk av dei ulike områda, for nedtaking av gjerde osv. Hamneleiga er som regel eit større sekssifra beløp og kan av fjellstyret nyttast til ymse lokale tiltak i statsallmenninga.

Tamreinlaga ynskjer naturleg nok eit sterkare rettsvern for drifta si enn det desse 10-års avtalane kan gje, og ein kan spørje om ikkje tamreindrifta i eiga statsallmenning har ein islett av bruksrett i seg? Det var ein tanke som dei som i farne tider dreiv med rein hadde med seg frå den tida almenninga var det felles bruksområdet for grendelaget.

### **Framtida og utfordringane**

Utfordringane for tamreindrifta ligg på to plan: Driftsmåtar innan tamreinlaga og dei ytre rammene som samfunnet set ved lovverk og samfunnsstyring.

Når det gjeld laga sine eigne driftsmåtar, er det to tilhøve som vil peike seg ut: Flokkstruktur og tamheitsgrad. Ein struktur med mykje bukk er til tider vanskeleg å styre. Dermed er det lettare å koma inn i konfliktar med eit storsamfunn i utvikling, eit samfunn som ikkje skjønar eller har eit forhold til tamreindrift. God og velordna gjæting vil bli meir og meir ein føresetnad for aksept i samfunnet.

Når det gjeld dei ytre rammene, er tamreindrifta avhengig av å bli høyrte i planarbeid der Plan- og bygningslova gjeld. Vidare vil eit rettsvern i ei ny Lov om reindrift vera vesentleg. Den nåverande lova nemner berre kravet om konsesjon for tamreindrift utom samiske område og viser elles til Fjellova. Dei gamle starta med tamrein som utnytting av ein gamal og uskriven beiterett på eigen eller felles grunn. Kan denne gamle rettstenkinga på bygdene finne rom i ei ny reindriftslov og seinare i ei ny fjellov?

### **Sluttord**

Fleire av dei nyoppbygde villreinstammene er avkom etter tamreinflokkar som vart bygde opp i ei tid da jakt og rovdyr langt på veg utrydda villreinen i Sør-Noreg. Tamreinhaldet vart skipa i eit tomrom som oppstod da villreinen i desse områda vart borte.

### **Litteratur**

- Brudeli, I. 1959. *Norsk tamreindrift*. Lunde & Co. Bergen.
- Fjellheim, S. 2005. Fra fangstbasert til nomadisk reindrift i Rorostraktene. – *Rangifer Report No. 10*.
- Halvorsen, K. 1995. Johannes Partapuoli. – I: S. Lykre (skriftstyrar). *Kveldsseto. Årsskrift for Skjåk Historielag*. Skjåk.
- Helland, A. 1913. *Kristians Amt*. H. Aschehoug & Co. Kristiania.
- Holte, A. 1979. *Trio Tamreinlag 1954-1964*. Hovudoppgave i samtidshistorie. Oppland distriktshøgskole. Lillehammer.
- Hosar, H. 1998. *Skjåk bygdebok 3*. Skjåk kommune. Otta.
- Kolden, J. 1996. *70 år med tamrein. Lom Tamreinlag 1926-1996*. Lom Tamreinlag. Gjøvik.
- Mølmen, Ø. 1991. *Ottadalsreinen*. Villreirutvalget, Ottadalsområdet. Otta.
- Odden, T. 1990. Skjåk kommunale tamreinselskap. – I: S. Lykre (skriftstyrar). *Kveldsseto. Årsskrift for Skjåk Historielag*. Skjåk.
- Opdal, I.A. 1950. *Tamreindrift og fjellfolk*. Eige forlag. Gjøvik.
- Skjenneberg, S. 1965. *Rein og reindrift*. Fjell-Nytt. Lesjaskog 1965.
- Skjenneberg, S. & Slagsvold, L. 1968. *Reindriften og dens naturgrunnlag*. Universitetsforlaget. Oslo/Bergen/Tromsø.
- Tengesdal, S. & Aaboen, S. 1998. *Skjåk almenning 200 år*. Skjåk almenning. Otta.
- Ødegaard, N. 1918. *Kristians Amt 1814-1914*. Kristians Amt. Kristiania.



## The reindeer companies of southern Norway: Natural resources, husbandry, prerogatives and challenges

Gaute Elvesæter Helland<sup>1</sup> & Jan Stokstad<sup>2</sup>

<sup>1</sup>Furuheim, N-2686 Lom (gautehe@online.no), <sup>2</sup>N-2680 Vågå.

*Abstract:* From the middle of the 18th century there have been domesticated reindeer herds in the mountains of South-Norway. The people living in these areas, mostly farmers and hunters, bought reindeer from the Sami further east and north. Or Sami families came with their reindeer and started a new living. These events took place in many regions such as Setesdal, Hardangervidda, Hardanger, Voss, Hallingdal, Valdres, northern Gudbrandsdalen, Norefjell and Rendalen. In 1962 there were 20 000 tame reindeer held by 14 reindeer companies in southern Norway. Today five of these companies still exist. The reindeer owners have organized themselves as joint companies and to be a shareholder one must be living in the local municipality. The four companies in Valdres and northern Gudbrandsdalen keep in all about 11 000 reindeer in the winter herd which produces about 190 tons of reindeer meat each year. The legal basis of this reindeer management is regulated through agreements between the owners of the rough grazing properties and the company. In large areas the Norwegian State is the landowner, and in these cases the so-called Mountain law of 1975 regulates the agreement. The ways of managing the companies will be a matter of adjusting the management to all the other events in society. The structure of the herd, the extent of tameness and degree of domestication are key requisites. It is also of major importance that society supports this kind of management and regards the traditions and the long history of local interests in reindeer management. A future challenge will be to get these ways of living secured and warranted by law.

### Introduction

Herds of wild reindeer have inhabited the areas of nowadays Norway for almost 10 000 years. Since then man has tried to make a living in the same environments. Many of them lived by trapping or hunting the wild reindeer of the mountainous regions of southern Norway. When they settled down in the valleys as farmers many kept on capturing the reindeer along the migration paths and at seasonal habitats of the prey animal. The yearly cycle of the reindeer has not changed: During summer the herds were grazing in the valleys and on the mountain slopes, to survive the winter the animals moved to areas with little snow digging reindeer lichens until they moved towards the calving land in spring.

At least from the middle of the 18<sup>th</sup> century there have been domesticated reindeer herds in the wild reindeer mountains, in some areas probably even before that time (see Fjellheim, this issue). The people living in the areas, mostly farmers and hunters, bought reindeer from the Sami living further east and north or Sami families themselves came with their reindeer and started herding in these mountains. Such events took place in many regions in southern Norway, such as Sættesdal, Hardangervidda, Hardanger, Voss, Sogn, Hallingdal, Valdres, northern Gudbrandsdalen, Norefjell and Rendalen.

### Short history of events

Some glimpses into this multicoloured history are as follows:

- In 1783 Kristoffer Hjeltnes brought to Ulvik in Hardanger 100 reindeer from the Sami area around Røros.
- In 1817 Ola Sangesand got support from the newly established “Selskabet for Norges Vel” (The Welfare Company of Norway) to start reindeer (of unknown origin) husbandry in Bykle in Sættesdal.
- In 1845 there were 2963 reindeer in or close to the area of Hardangervidda. The owners were local people, mostly farmers.
- Around the year 1880 the two reindeer companies Vang Reinselskap and Øye Reinselskap were established in Valdres with reindeer bought from the Sami areas of Jämtland and Røros, respectively.
- Opdal Renkompani in Uvdal (Numedal) was established in 1890.

- From around 1880 the reindeer holders organized themselves in reindeer companies, and in 1907 seven companies kept 11 975 reindeer in the mountains of Hardangervidda.
- By June 20<sup>th</sup> 1949 there were 29 105 reindeer in the non-Sami reindeer areas in southern Norway held by 25 companies.
- In 1962 there were 20 000 tame reindeer held by 14 reindeer companies in South-Norway.
- Today 4 (5) of these companies still exist, four in Oppland county (and one in Rendalen, Hedmark county).

### **Skjåk municipality: an example**

The local history of reindeer management in southern Norway is complex and fascinating. To illustrate this we can look into the community of Skjåk in Oppland:

- 1840: Local farmers and a Sami family had reindeer herds in the regions of Valldalen, Taffjord and Skjåk.
- 1848: A private company bought 70 reindeer from Finnmark. Herdsmen were Per Kvitingen, Skjåk and Endre-Rasmus, Jostedalen. They were forced to give up after seven years, mostly due to packs of attacking wolves.
- 1890: Torkjell Jonassen came down from the North with 300 reindeer. Lars Nordfjell also came with his own reindeer. (The names indicate South-Sami origin).
- 1891: The Sami family Johannes Partapouli and his wife Ellen Maria came to Taffjord with a small herd. They soon moved to Skjåk.
- 1901-07: The Norwegian Government made a close-time regulation for the decreasing stock of wild reindeer. This was not to the benefit of the tame reindeer herds.
- 1910: Andreas Grotli kept reindeer in Skjåk.
- 1910: Four men in Skjåk bought reindeer in Taffjord. They also bought the Partapouli herd, and Johannes Partapouli became their herdsman. The herd counted about 1000 animals.
- 1914: The local board of Skjåk bought this herd.
- 1919: Skjåk Reindeer Company (Skjåk tamreinselskap AS) was established.
- 1920-: The reindeer herd was intermingling with wild reindeer. Local conflicts between the neighbouring municipalities Skjåk, Stryn, Synulven and Nordal concerning boundaries, where to hunt and where to keep the herd of the company.
- 1930-: For several reasons the wild reindeer probably did not exist any longer, one reason was hunting.
- 1954: There were two reindeer herds in Skjåk belonging to Sevald Grotli and Skjåk Reindeer Company. A new reindeer company was established as a joint company of the existing companies in the three neighbouring communities Skjåk, Nordal and Grytten (Trio tamreinlag AS).
- 1965: The Trio Company wound up and the remaining reindeer herd was made a new wild reindeer population within what is Reinheimen National Park of today.
- 1967: Start of reindeer hunting in Skjåk.
- 1970-: Mingling of the wild reindeer herd and the tame herd of Lom Reindeer Company (Lom tamreinlag) on the boundary of Lom and Skjåk municipalities.
- 1980-: Negotiations and written agreements brought an end to the conflict. A group of farmers and others in Skjåk started planning a new reindeer company. However, they did not succeed.
- 2003: Reindeer hunting in Skjåk: 544 reindeer were brought down during the hunting season.

Several of the wild reindeer herds in South-Norway, like the one from the mountains in Skjåk, originate from herds of domesticated reindeer established in periods when hunting and predators had almost eradicated the wild reindeer populations.

### **The present day situation**

Today the four traditional reindeer companies in Oppland county are Fram Reinlag, Filefjell Reinlag, Vågå Tamreinlag and Lom Tamreinlag, all of them located in the valleys of Valdres and Gudbrandsdalen. (The herd in Rendalen, Hedmark county has been managed more like wild reindeer). The reindeer owners have organized themselves as joint companies, and there is a complete local control: Share holders in a company must be inhabitants in the local municipality. The four companies own about 11 000 reindeer in winter herd, and the yearly meat production is 190 tons. The companies use

the mountain areas in and close to Jotunheimen, the highest mountain district in Norway which also is one of Norway's most popular tourist and hiking areas. There the reindeer have good pastures during summertime and lichens for the winter. In 1919 the county of Oppland (Kristians Amt) was the third ranging reindeer county in Norway, a rank still held in recent years.

The legal basis of this reindeer management is regulated through agreements between the owner of the real estate and the company. In large areas the Norwegian State is the landowner, and then the agreement is regulated by the so called Mountain Law of 1975.

### **Future challenges**

The challenges of today and tomorrow are many. The management of these companies is and will be a matter of adjusting the management with all other events in society. Extensive husbandry is not easily maintained within the frame of modern expanding life. The structure of the herd and the state of domestication are key words in this management. It is also of major importance that society and wild reindeer interests recognise the traditions and the long history of reindeer managements in the mountain regions. One major field of work will be to try to enclose these ways of living within the frame of law making.

### **Literature**

- Brudeli, I. 1959. *Norsk tamreindrift*. Lunde & Co. Bergen.
- Fjellheim, S. 2005. Fra fangstbasert til nomadisk reindrift i Rørostraktene. – *Rangifer Report* No. 10.
- Halvorsen, K. 1995. Johannes Partapuoli. – In: S. Lykre (ed.). *Kveldsseto. Årsskrift for Skjåk Historielag*. Skjåk.
- Helland, A. 1913. *Kristians Amt*. H. Aschehoug & Co. Kristiania.
- Holte, A. 1979. *Trio Tamreinlag 1954-1964*. Hovedoppgave i samtidshistorie. Oppland distriktshøgskole. Lillehammer.
- Hosar, H. 1998. *Skjåk bygdebok 3*. Skjåk kommune. Otta.
- Kolden, J. 1996. *70 år med tamrein. Lom Tamreinlag 1926-1996*. Lom Tamreinlag. Gjøvik.
- Mølmen, Ø. 1991. *Ottadalsreinen*. Villreinutvalget, Ottadalsområdet. Otta.
- Odden, T. 1990. Skjåk kommunale tamreinselskap. – In: S. Lykre (ed.). *Kveldsseto. Årsskrift for Skjåk Historielag*. Skjåk.
- Opdal, I. A. 1950. *Tamreindrift og fjellfolk*. Own publishing. Gjøvik.
- Skjenneberg, S. 1965. *Rein og reindrift*. Fjell-Nytt. Lesjaskog 1965.
- Skjenneberg, S. & Slagsvold, L. 1968. *Reindriften og dens naturgrunnlag*. Universitetsforlaget. Oslo/Bergen/Tromsø.
- Tengesdal, S. & Aaboen, S. 1998. *Skjåk almenning 200 år*. Skjåk almenning. Otta.
- Ødegaard, N. 1918. *Kristians Amt 1814-1914*. Kristians Amt. Kristiania.

